

Preses Olav Fykse Tveit:

Helsing ved minnesamveret etter Georg Hille, Oslo 25. juli 2023

Når biskop Georg Hille no har avslutta sitt lange liv her i tida, får orda i Hebrearbrevet 13 ein spesielt sterk klang:

«Kom i hug leiarane dykkar, dei som tala Guds ord til dykk. Tenk på livet deira og utgangen dei fekk, og ta deira tru til føredøme! (Hebr 13,7)

Det er mange i Den norske kyrkja som har svært mange og gode minne frå Georg Hilles lange liv, og om trua han bar med seg og formidla på sitt kloke og varme vis.

Den norske kyrkja som folkekyrkje og som fellesskap i tru og teneste har mykje å takke Gud for i det vi fekk gjennom Georg Hille. Det er mykje vi kan og skal ta med seg vidare frå hans gode føredøme.

Også for oss som er litt yngre og som i dag står i ulike tenester i kyrkja er han ein inspirasjon til å få fram og føre vidare det beste i kyrkja vår. Det er slik sjølv mange år etter at han gjekk ut av aktiv teneste og vart pensjonist.

Denne inspirasjonen og dette føredøme kjem frå det han sto for i tenesta som prest, biskop og leiar i mange ulike samanhengar i kyrkja. Men det er også slik fordi han heile sitt lange liv stadig viste si sin kjærleik til kyrkja og støtte til dei som har ansvar i ulike samanhengar, i kyrkjelege råd, i presteteneste og i andre oppgåver i den lokale kyrkja, i sentralkyrkjelege oppgåver eller i bispeteneste. Ikkje minst er han eit føredøme fordi han var den han var, med sine mange gåver og evner – og dermed fekk bety så mykje for så mange.

Georg Hille gjorde inntrykk på oss, kanskje nettopp fordi han var så lite dominerande eller innvaderande. Eg er ikkje mellom dei som har møtt og vore saman med Georg Hille mest. Men det slår meg at eg trur eg kan hugse så godt som alle dei møter vi fekk, og at eg hugsar kva han sa. Kanskje endå viktigare: Eg hugsar at han såg meg – i augene – og det siste han sa meg var at «du må sjå folk – i augene».

Eitt av dei minna eg har var då han og Per Voksø møtte opp på ei gudsteneste på Lunden kloster under bønneveka for kyrkjeleg einskap, og sette seg på første benk. Dei ville høyre kva den unge teologiske konsulent i Mellomkyrkjeleg råd hadde å seie på vegne av Kyrkja den norske. Det kunne gjere nokon kvar litt nervøs. Men det Georg Hille sa til meg etterpå, har eg bore med meg sidan. Det gav lyst og frimod til å ta fatt på oppgåver både i Den norske kyrkja og i samarbeid mellom kyrkjer i verda. Kva han sa, vert mellom oss.

Dette trur eg var noko typisk for Georg Hille. Han foreina mykje i sin person som vi må prøve å halde saman i kyrkja. Han kunne ivareta dei heilt nære og personlege relasjonar, og sette det inn i større og lange perspektiv. Han kom med kloke og bestemte råd, men du merka at han alltid ville deg vel.

Georg Hille var ein rakrygga og profilert, velformulert evangelisk-luthersk teolog, med sans for endring, fornying, samarbeid og økumenikk. Han gav uttrykk for at merkelappar som «konservativ» og «liberal» ikkje gav god mening for han. Sjølv var han litt av begge deler, på ein god måte. Han representerte det folkelege med profil og med stil. Han var ein ekte representant for ei brei folkekyrkje, og var oppteken av at kyrkja har eit klart budskap å formidle til den enkelte. Han var ein pionær i å legge til rette for dei

valgte råda si rolle i kyrkja, og han var ein profilert biskop med eit tydeleg syn for tenesta med Ord og sakrament - og for bispeembetets rolle i bispedømmet og nasjonalt. Han var også oppteken av å framheve dei andre oppgåvene som trengst i ei levande lokal kyrkje, og han la med sitt leiarskap grunnlaget for å utvikle og styre nettopp den lokale kyrkja. Han var nøktern og ujålete, men også difor truverdig i sin måte å vere from og truande på.

Det høver godt å minnst Georg Hille med ord frå Bibelen. Bibelarbeid var ein del av hans lange teneste i kyrkja, og han var oppteken av at den skulle brukast og gje innhald til folkekyrkjas liv, og formidle mot og tru for den enkelte. Han visste og viste kva som er sentrum i Skrifta og kjelda for vår alt vårt virke i kyrkja, og som gir oss mot til å sjå framover også i dag. Difor skal vi ta med oss vidare i minnet etter Georg Hille også det neste verset frå Hebrear brevet, kapittel 13: «Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid!» (Hebr 13,8)

Vi lyser fred over Georg Hilles gode minne.